



Notat

Dato: 21.12.2016
Arkivsak: 2016/412-39
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om vegstatus på Storesvingen mot Rubbestadneset og veglys for gåande og sykistar

I møtebok for miljø og samferdsel for 10. februar 2016 er det teke inn følgjande:

Geir Angeltveit (V) hadde sendt inn slikt spørsmål (a):

«*Det er nokre meter "gamal veg" som vert nytta som gang og sykkelveg (egentleg eit stort barnetrokk) som det ikkje er semje om kven som eig. Inn mot Rubbestadneset på Bømlo 541 (på Bømlo) er det ein ny tunell, og den er så kort at folk får beskjed om at man kan både gå og sykle gjennom.*

Folk kjenner seg ikkje trygge nok til det og nyttar difor "gamal veg" rundt Storesvingen til sykkel og gange. Det vert derfor spelt inn behov for lys på dette strekket "storesvingen2. Utfordringa er at ein ikkje kan sei kva status vegen har. Det kan vere nærliggande å tru at den høyrer til 541 og er derfor sykkel og gange til den. Dette er eit tiltak som mange ynskjer å gjere noko med, og eit særskilt godt trafikksikringstiltak.

Korleis få avklart dette? Og deretter får veglys på dette strekket som vert nytta av mange både store og små.»

Vedlagt er brev frå Statens vegvesen med svar på oversendinga. Fylkesrådmannen har ingen ytterlegare kommentarar til saka.

